

MØTEBOK

Blad 1

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	14.10.2015

Fylgjande møtte:

Trond Einar Garshol
Tormod Hvattum
Jarle Dragesæt
Jon-Inge Henden
Ståle Hatlelid
Leo Cirotzki
Leiar IUA
Nestleiar IUA
Stryn kommune
Vågsøy kommune
Hornindal kommune
Elkem Bremanger

Andre:

Runar Kleppe, Are Fagerlid, Monica Sande, Morten Hagen, Vivian Jacobsen,
Dagny Ann Gangeskar, Sølve Oldeide

Meldt forfall:

Kim Hjelle

Møtet lovleg satt kl: 10:05.

Møteleiar ønskte velkommen og heldt ein kort gjennomgang av møtebok frå førre Utvals møte.

Vart etter gjennomgang bestemt følgjande:

- Sekretariatet kontaktar Ålesund Brannv. for å avtalte tid for kurs i skarpe ammoniakk øvingar.
- Morten Hagen(vara for nestleiar IUA) blir søkt kurset i KLA.
- Leo Cirotzki iverksetter brannøving med hensikt å teste MIKO Tank Sealer Kitt.
- Sat. antenner blir i tillegg til alle kommuner og Sikkerhetssenteret kjøpt inn til Politiet.

Referat saker:

Innkjøpt utstyr. - Sekretariat har effektuert innkjøp av følgjande:

3 stk. AIS antenner montert i Selje, Gloppen og Stryn kommunar.

Bark til depot-lekter.

MIKO Tank Sealer Kitt levert Bremanger, magnetar for både egen og Kystverkets boombag (fikk ingen økonomisk støtte etter søknad ble sendt Kystverket)

Kystverkets beredskapsseminar. - Monica Sande og Sølve Oldeide reiser for Nordfjord IUA til årets beredskapsseminar i Asker. Ingen andre hadde anledning til å delta. Førstnemnte tar i tillegg økonomikurset etter beredskapsseminaret. Kystverket betaler for inntil to personer.

Sak 05/15 Møtekalender Nordfjord IUA (Årshjul)

Sak om framtidig møtekalender var tatt opp etter forslag frå Ståle Hatlelid i sist Utvalsmøte.

Utvalets medlemmar vart av møteleiar oppmoda om å fremje forslag til dato for to utvalsmøter og eit årsmøte for Nordfjord IUA.

Tormod Hvattum foreslo utvalsmøte 13.april og 12. oktober, samt årsmøte 27.april. Ingen andre forslag.

Vedtak:

Utvalsmøte for 2016 er satt til 13.april og 12.oktober.

Årsmøte blir 27.april.

Vedtaket vart einsstemd godkjent.

MØTEBOK

Blad 2

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	14.10.2015

Sak 06/15 Kurs og øvingar 2016.

Kursa mannskapsoversikt var sett på og der var ei felles oppfatning om at mannskap er godt kursa i Nordfjord IUA. Vil derfor ikkje søke om lokale kurs lag-leiar eller skadestads-leiar kurs neste år.

Møteleiar minna Utvalet på øvinga som var gjennomført i Kiel og at det neste år blir tre år sidan denne samlinga. Var etter evaluering den gang bestemt at ein bør ha ei slik samling kvart tredje år. Jarle Dragesæt informerer utvalet om gjennomført praktisk øving med lenser i Stryn og foreslår samtidig at ein samkjører ei slik øving med Sunnmøre IUA som reiser kvart år.

Utvalet er einige i dette og ber sekretariat om å sjekke muligheta for ei slik felles samling. Om Nordfjord IUA skal bidra til planlegging av «TableTop» øving under samlinga er Jon-Inge Henden og Morten Hagen saman med Sølve Oldeide foreslått til dette.

Vågsøy Brannvesen har ikkje øvd med Boombag i år. Med bakgrunn i det vil ein gjera dette til neste års praktiske øving der alle sju medlemskommunane får anledning til å delta eller være observatørar. Jon-Inge Henden tek dette inn i neste års planar.

Nordfjord IUA har dermed ivareteke avtala med NOFO om ein årleg «TableTop» og ein praktisk øving.

Sak 07/15 Innkjøp av utstyr.

Møteleiar oppfordra til forslag for innkjøp av utstyr i 2016. Godkjent budsjett for 2016 er på kr. 200 000,-

Jon-Ingen Henden ber om at der blir kjøpt inn ei gassdrakt til Vågsøy Brannvesen. Are Fagerlid såg behov for samkjøring av kalibrering av gassmåler. Utvalet har i tidlegare møte diskutert dette, og det som då var fremja var at Kim Hjelle avtala kalibrering i Måløy med Dræger. Jon-Inge Henden vil på ny samordne kalibrering med Dræger då det er over eit år sidan sist kontroll.

Jarle Dragesæt meinte ein burde vurdere om IUA skal ha tilgjengeleg kommunikasjon i Nødnettet. Ved ei større akutt forureining hending kan ein i dag risikere at leiar IUA/sekretariat ikkje er inkludert i kommunikasjonen.

Tormod Hvattum meiner dette er uheldig og ber om at det blir sett på mulighet for å få tilgang til Nødnett for Nordfjord IUA.

Leo Cirotzki er klar på at dette må ordnes, nevner at også Avinor og industrivern har tilgang til Nødnettet.

Runar Kleppe hadde informasjon om ein ny type skimmer som er tilgjengeleg frå AllMaritim. Ber sekretariat sjekke dette nærmare og vurdere om pris/funksjonalitet er tilfredsstillande.

Leiar IUA minner om at ein iløpet av kort tid vil få tilbakemelding frå Bremanger Brannvesen om korleis detteutstyret fungerar. Om tilfredsstillande vil det være naturleg at også dei andre kommunane får liknande.

Sekretariatet tar dette til etterretning og vil så langt som mulig etterkomme innspel.

MØTEBOK

Blad 3

Organisasjon:	Styre, råd, utval m. v.:	Møtestad:	Møte dato:
Nordfjord IUA	IUA - Utvalet	Havnekontoret - Måløy	14.10.2015

Sak 08/15 Eventuelle tilkomande saker - Nytt Utval.

Sølve Oldeide informerer om at det i neste Årsmøte vil bli val på tre av Utvalets representantar. Vil gjerne at Utvalet skal vurdere om eksisterande Utval skal fremje kandidatar til Årsmøte. Morten Hagen informerer om at slike signal bør fremjast til Årsmøte for å gi eit betre grunnlag for Årsmøte å velje dei rette kandidatar.

Havnedirektør, Lensmann og Brannsjef i vertskommune er faste representantar i Utvalet.

Dei tre som er på val i neste Årsmøte er ifølgje vedtekten:

Brannsjef i ei anna kommune.

Representant for industrien.

Representant frå ei av kommunane som ikkje er representert.

Sølve Oldeide las møtebok frå sist det var vedtatt nytt Utval.

Ståle Hatlelid stiller sin posisjon til disposisjon om ein har andre kandidatar.

Tormod Hvattum foreslår etter dette at Jarle Dragesæt og Leo Cirotzki fortsetter som medlemmer av Utvalet og at Ketil Nord blir ny medlem for Ståle Hatlelid.

Sekretariat tar dette til etterretning og vil innstille for det nye Årsmøte at Utvalets medlemmer i tillegg til dei faste blir: Jarle Dragesæt, Leo Cirotzki og Ketil Nord.

Jarle Dragesæt nemnte at ein burde sjå nærmare på Nordfjord IUA`s vedtekter. Paragraf 5 bør endrast til den praksis som årsmøte allereie har vedtatt innført. Sekretariat sender informasjon til alle medlemskommunanes rådmenn der også paragraf 7 blir endra som tidlegare informert om.


Ståle Hatlelid bad om at ein i vedtekten påfører revisjonsdato.

Møtet avslutta kl.11.20.

Måløy, 16.10.2015.

Sølve Oldeide

Sølve Oldeide
Referent



Trond Einar Garshol
Leiar IUA

I forlengelse av Utvalsmøte var det gjennomført ein «TableTop» øving. Fokus var bruk av CIM som støtteverktøy til stab. DNV GL var leid inn til øvinga og representant frå Vågsøy kommune var og med for å hjelpe til med bruk av CIM under øvinga.

Etter gjennomført øving var alle samd om at CIM er eit godt egna støtteverktøy for Nordfjord IUA. Sekretariat vil sjekke med Fylkesmannen beredskap om IUA kan få tilgang til CIM.